

**MØTEBOK****53/4 Detaljregulering Del av Fv545 kommunegrense  
Fitjar - Stord - slutthandsaming**

<b>Utval sak</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
<b>41/24</b>	<b>Utval for plan og miljø</b>	<b>20.06.2024</b>
<b>65/24</b>	<b>Kommunestyret</b>	<b>20.06.2024</b>

**Vedlegg:**

- 1 201304\_Plankart 1 av 3\_Stord
- 2 201304\_Plankart 2 av 3\_Stord
- 3 201304\_Plankart 3 av 3\_Fitjar
- 4 201304\_Arealer\_Formåls- hensyns- og bestemmelsesområder til Reg-plan
- 5 201304\_Føresegner
- 6 201304\_Planomtale
- 7 201304\_Plan- og profilteikning\_del 3.
- 8 201304\_Geologisk rapport
- 9 201304\_VA-notat
- 10 201306.sos
- 11 G-RAP-001\_00
- 12 Notat elvemusling Tinnselva 2017

**Bakgrunn:**

Fylkesveg 545 er i dag den einaste omkjøringsvegen for E39 dersom E39 blir stengd, og ein viktig lokalveg for trafikk mellom Fitjar og Stord. Deler av vegen er i dag smal, og det har vore eit ønske å betre forholda på fylkesvegen langs kommunegrensa ved å endra kurvaturen og auka vegbreidda.

Då reguleringsplanen går over to kommunar, er plankarta delt opp slik at me har plankart for kvar kommune; plankart 1-2 for Stord kommune og plankart 3 for Fitjar kommune. Føresegner og planomtale er felles. Stord kommune har hovudansvaret for administrativ sakshandsaming, men reguleringsplanen blir handsama politisk i begge kommunane. Kommunane mottok eit planforslag til handsaming den 14.03.2022, og komplett planforslag året etter den 12.06.2023.

Førstegangshandsaming i Stord kommune vart gjort 31.08.2023. Utval for plan og utvikling i Stord kommune gjorde då slikt samråystes vedtak:

*«Med heimel i § 12-10 i plan- og bygningslova vedtek utval for plan og utvikling å legge forslag til detaljregulering for del av Fv. 545, kommunegrense Stord-Fitjar, planID 201304 ut til offentleg ettersyn.»*

Førstegongshandsaming i Fitjar kommune vart handsama i Utval for plan og miljø 19.09.2023 med slikt vedtak:

*Utval for plan og miljø vedtek å legge forslag til detaljregulering for del av Fv. 545, kommunegrense Fitjar - Stord, planID 201306 ut til offentleg ettersyn. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 12-10.*

Kommunestyret i Stord vedtok planen i møte 19.12.2023, men 11.03.2024 trakk Stord kommune melding om vedteken plan attende då det ved ein feil viste seg at Statens Vegvesen ikkje hadde fått planen til offentleg ettersyn. Stord sendte difor planen til Statens vegvesen med høyringsfrist 27.03.2024. Statens vegvesen hadde merknader til planen, men desse førte ikkje til at planen vart endra.

Stord kommune sendte då ut ny underretning om vedteken plan 15.05.2024.

Planen kan no slutthandsamast i Fitjar kommune.


I Fitjar kommune har planen planID 201306, medan i Stord kommune har planen planID 201304.

#### **Planområdet:**


Planområdet er ein omlag 2 kilometer lang vegtrasé (Fv. 545) gjennom eit kupert landskap på vestsida av Stord og Fitjar kommunar. Den første del av strekninga (sett frå sør, plankart 1) er frå Longavassbrotet til Tinnselva ved Rydlandssaga. Langs strekninga er det i dag låge skjeringar mot aust ca. 2-6 meter og total lengde er 250 meter. På vestsida av vegen er det ei 6-7 meter høg fylling, steinrøys med store steinar.

I midten av planområdet (plankart 2 og 3) er skjeringane 0-3 meter høge og mot vest skrånar terrenget til myrområde knytt til hytter ut mot Dåfjorden. Langs med vegen er det tilkomstvegar til hytter og skogsvegar mot aust. Fylkesvegen ligg i bakland til fjorden og landskapskarakteren liknar meir eit åslandskap. Ovanfor Kvernåsjøen er fylkesvegen svingete og sikta er därleg. Veglinja ligg parallelt med konturen på fjellet og Kvernåsjøen ligg 25 meter lågare enn vegen.

I delstrekning frå elva ved Rydlandssaga til Rundehaugtjørna (nord, plankart 3) er landskapet si hovudform store samanhengande skogs- og åsflater og eit kupert terren. Kystfuruskog pregar landskapet, og på fleire stadar er det store plantefelt med gran. Eksisterande veglinje følger dei bølgande konturane frå fjella, og skjeringane er ikkje lange og høge. Langs vegskråning mot aust strøymar elva frå myr og Tinnselva på ei 200 meter lang strekning. Der elva kryssar Fitjarvegen er det fin utsikt over eit myrområde aust for Rundehaugen og syd for Øykjafjellet (plankart 3).



Blå linje er ny trasé (omtentleg)



Del av plankart i Fitjar kommune

## **Planstatus:**

I kommuneplanens arealdel for Fitjar 2011-2022 er området avsett til eksisterande veg og LNF, landbruks-, natur og friluftsområde. Planområdet i Fitjar ligg lenger enn 100 meter fra sjø. Planområdet er ikkje tidlegare detaljregulert.

## **Planforslaget:**

Fylkesveg 545 er ein viktig lokalveg for trafikk mellom Stord og Fitjar, og den einaste omkjøringsvegen for E39 ved eventuelle hendingar på E39. Delar av vegen er i dag så smal og uoversiktleg at det fort kan oppstå farlege situasjoner. Detaljreguleringa vil leggja til rette for å utvida og retta ut kurvaturen på vegen, og legg såleis opp til at vegen skal bli meir trafikksikker og oversiktleg, og at vegstandarden generelt blir betra.

Vegstrekninga er prosjektert etter handbok N100 med ei vegbreidde på 6,5 meter (O\_V1 i Stord kommune og o\_V4 i Fitjar kommune). Det er opplyst om at det er mindre fråvik i kurvatur frå vegnorma, men det er ikkje utarbeidd fråvikssøknadar ettersom prosjektet er definert som eit mindre utbetringstiltak etter kap. 3.1 og krav 3.1 i N100. Avvik skuldast tilpassing mot eksisterande veg og for å unngå inngrep i myr.

Den nye veglinja har ei total lengde på 1650 meter. Av ingeniørgeologisk rapport går det fram at endringar i veglinja medfører at det vil bli sprengt ut ei ny bergskjering med høgde opp mot 12 meter, samt mindre endringar i bergskjeringar. Dei største fyllingane vil koma i den sørlege delen, dette på grunn av dei bratte terrengforholda i området. Det er regulert omfattande sideareal (anna veggrunn AVG) for fyllingar, skjeringar, grøfter, grøntareal og vollar mv. Vegteikningane viser planlagt støttemur langs elva.

Eksisterande vegtrasè er i stor grad lagd som anna veggrunn i planen. Vegen O\_V5 i Fitjar kommune går til eksisterande parkeringsplass (o\_P) på austsida av fylkesvegen. Avkørselen er prosjektert slik at denne blir meir oversiktleg enn i dagens situasjon. Mellom parkeringsplassen på austsida og Rydlandssaga er dagens vegstrek i planforslaget regulert til gang- og sykkelveg (o\_GS) med breidde 3,5 meter. Gang- og sykkelvegen har stigning under 5%, og gir ein tilkomst for mijuke trafikantar frå parkeringsplassen (o\_P) til Rydlandssaga (regulert til andre type bygningar, ABA1-2).

Rydlandssaga inkludert steinkvelvbrua og ein del av gamlevegen som ligg att på austsida av fv. 545 er eit nyare tids kulturminne, som i planen har fått ei omsynssone for bevaring av kulturmiljø (H570). Sjølvé bygningane vil bli verna gjennom planen. Det er planlagd at eksisterande bru over Tinnselva blir utvida på nordvestsida, jf. §3.2. Innanfor føresegnområda (#14-17) kan utviding og utbetring av eksisterande kulvert tillatast, men slik at kulverten skal vere open og ha naturleg botn.

I den sørlege delen av strekninga er det regulert eit felt for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (ST), kor det kan opparbeidast ein velteplass for tømmer. Eksisterande avkørsler er vidareført og utbetra, og skogsavkørslar som brukast i dag er vidareført i plankart.

LNFR-areal i plankartet er eksisterande landbruks, natur og friluftsområde. Desse areala kan nyttast til midlertidig anleggs- og riggområde, med unnatak av LNFR8, LNFR10, LNFR12-15 av omsyn til vassdraget og kantvegetasjon, og LNFR16 av omsyn til myrområde aust for vegen i nord. Føremålet med omsynssone langs vassdraget (H560 bevaring naturmiljø) er å sikra at det blir oppretthalde ein naturleg kantvegetasjon som tek vare på dei økologiske funksjonane kantvegetasjonen har.

Tinnselva er regulert til bruk og vern av sjø og vassdrag med underføremål friluftsliv (FLVS). Vassdraget og omsynet til fisk skal takast omsyn til i tråd med føresegner § 2.6 miljø og § 4.1 omsynssone naturmiljø.

Det er rekkefølgjekrav om at før arbeid kan starta skal det liggja føre m.a. plan for bruk av overskotsmassar og plan for ytre miljø (YM-plan). YM-planen skal ta utgangspunkt i vurderingar og avbøtande tiltak i ROS-analysen, og skal sikra at det blir sett inn tiltak for å sikra vassdraget og myrområda, jf. § 2.6.

Alle nødvendige tiltak som gjeld vegomlegging, trafikkomlegging, omlegging av avkjørsler og tilkomstar skal vera opparbeidd seinast ved opning av tilhøyrande strekning av ny veg. Opparbeiding av annan veggrunn – grøntareal, skal vera ferdig seinast eitt år etter opning av tilhøyrande strekning av ny veg.

### **Endringar av planforslaget etter offentleg ettersyn:**

For å imøtekoma merknadane frå Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland er føresegner supplert med tanke på omsyn til laks og sjøaure, kulvertar og omsynssone kulturmiljø, jf. føresegner § 2.6, § 4.1 og § 5 og kommentarane under.

### **Innkomne merknader:**

1. Jarle og Torhild Aamodt, 30.09 og 11.10.2023:

Aamodt skriv at utvidinga vil nok vera bra for alle, og spør om det blir sett opp veglys.

#### Administrasjonen sin kommentar:

Plankonsulent skriv at det er teke høgde for at det kan etablerast veglys langs strekninga, og at veglys kan etablerast uavhengig av vegutbetringa.

2. NVE, 23.10.2023:

NVE kjem med ei generell tilbakemelding, og minner om at kommunen har ansvar for å sjå til at NVE sine saksområde blir vurdert og ivaretatt i planframlegget. NVE viser til kartbasert rettleiar for reguleringsplan som gir verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen.

#### Administrasjonen sin kommentar:

Kommunedirektøren vurderer at NVE sine saksområde er teke omsyn til og nødvendige grep gjort i plankartet og føresegner, jf. også kommentarane til NVE sine innspel til oppstart, i planomtalen kap.11.

3. Rådgjevar idrett- og friluftsliv, Stord kommune, 11.10.2023:

I kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2015-2025 under punkt 7.2 står det Rydlandssago parkeringsplass. Ei av hindringane for meir friluftsliv i dag er at det ikkje er gode nok parkeringsplassar. Viktig for heile planområdet at det er utfartsårer, stiar, skogsvegar og at det blir opparbeidd trygge og gode parkeringsplassar, og skilting. Rådgjevar meiner det er positivt at det blir etablert gang- og sykkelveg, og spør om det blir med lys.

#### Administrasjonen sin kommentar:

Eksisterande parkeringsplass på austsida av vegen skal oppretthaldast, og ny avkjørsel blir meir oversiktleg. Parkeringsplassen får kopling med gang og sykkelveg til Rydlandssaga. Det er teke høgde for veglys langs hovudveg.

4. Stordøy jeger- og fiskarlag, 08.11.2023: Jeger- og fiskarlaget er opptatt av det blir teke omsyn til at Tinnselva er ei anadrom elv der sjøauren gyter. Dette gjeld spesielt òg med tanke på utslepp som kan få negative konsekvensar for vassdraget. Dåfjorden er eit viktig oppvekstområde for sjøaure og grunna ein stor prosentandel med ferskvatn, så er det lite sirkulasjon i fjorden med tanke på ev. utslepp. Elva er ei av elvane i deira sjøaureprosjekt der dei har som mål å forbetra gyte- og oppvekstforholda til sjøaure på øya.

#### Administrasjonen sin kommentar:

Føresegner § 2.6 seier at «Anleggsarbeid og utfylling i eller ved sjølve Røytetjørna/Kvernåtjørna skal gjennomførast med varsemd. Arbeid nær vassdrag skal gå føre seg utanom perioden det ligg egg og yngel i grus på gyteområda (oktober til midten av juni). I tillegg er det er lagt til «Det skal ikkje etablerast nye vandringshinder for fisk. Kulvertane skal vere opne og ha naturleg botn.» Det er vurdert at krav stilt i føresegner og krav til YM-planen saman skal sikra at det blir teke tilstrekkeleg omsyn til Tinnselva. Sjå også merknad frå Statsforvaltaren.

5. Vestland fylkeskommune, 08.11.2023: Fylkeskommune ber om at «v/fylkeskonservatoren» blir endra til «v/kulturarv». Dei viser til at det ligg eit viktig kulturmiljø om lag midt på strekninga, ved kommunegrensa mellom Stord og Fitjar,

Rydlandssaga (SEFRAK-ID 1222-0009-009). Dei rår til at ein i teksten for føresegner §4.1 inkluderer også bru og gamleveg på austsida av vegen, og at ein endrar setninga frå «Kulturmiljøet skal bevarast i størst mogleg grad» til «Kulturmiljøet skal bevarast», samt at og at det i siste setninga blir vist til kulturminne i fleirtal, jf. at omsynssonene også inkluderer ein bit av gamlevegen og ei steinkvelvsbru. Dei vurderer at § 3.1 Bygningar og anlegg, § 5 Føresegnsområder - Kulvertar og bru, og § 6 Rekkefølgjeføresegner bidreg til at ein tilstrekkeleg sikrar omsynet til kulturminna og kulturmiljøet.

Administrasjonen sin kommentar:

Føresegner § 4.1 er endra i samsvar med fylkeskommunen sine merknader.

6. Statsforvaltaren i Vestland, 02.11.2023: Statsforvaltaren skriv at planforslaget svarar ut relevante tema og problemstillingar på ein ryddig og oversiktleg måte, og at vegutbetringa kan gjennomførast utan alvorlege og store arealmessige konfliktar. Statsforvaltaren påpeiker likevel at det er i arbeidet med ROS-analysen ikkje teke konkret stilling til kva som er akzeptabel risiko med ei tilhøyrande grunngjeving for dette valet, noko som er ein klar mangel ved planforslaget/ROS-analysen. Dei vel likevel å ikkje fremje motsegn til dette då arbeidet vil betra eksisterande situasjon, samstundes som ROS-analysen ikkje gjev indikasjonar på at avdekte risikotilhøve ikkje er tilstrekkeleg handtert.

Statsforvaltaren hadde også gjerne sett noko meir informasjon i planomtalen om korleis vassførekomstane kan verte påverka. Dei skriv at det ser ut til at ein unngår myrområdet like nordvest for Stemmetjørna, og at myra ved Rundehaugtjørna òg vil vera urørt med tanke på inngrep. Likevel vil ein truleg måtta forventa auka avrenning dersom trafikken aukar. Av plankart 2 ser ein at det er veldig kort avstand til Kvernåtjørna, og området inntil tjørna/innsjøen er regulert til AVG «annan veggrunn-grøntareal» med unntak av ei lita stripe «H560-bevaring naturmiljø». Dei gjer merksam på at vegetasjonen i skråninga her vil vera særsviktig for å bremsa avrenning frå vegen.

Statsforvaltaren kommenterer at det ser ut til at bekken som renn ut i Stemmetjørna vil bli meir lukka enn i dag, og bekkelukking ikkje er i tråd med «Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023– 2027», der ein forventar at vassdragsnaturen ikkje skal byggjast ned, og at ein skal nyttar naturbaserte løysingar. Dei gjer difor merksam på at der bekken renn ut i Stemmatjørna vert lukka, så må det vera ein open kulvert med naturleg botn, og at dette bør inn føresegner. Det må heller ikkje etablerast nye vandringshindre for fisk. Dei nemner òg at bekkelukking er eit tiltak som skal vurderast av NVE med tanke på konsesjonsplikt jf. vassressurslova, og av fylkeskommunen jf. forskrift om fysiske tiltak i vassdrag (som forvaltar av ikkje-anadrom strekning). Under føresetnad av at kommunen/ane gjer påpeikte endringar i planføresegnene før sluthandsaming av planforslaget, ser ikkje Statsforvaltaren behov for å ha/varsle dialogmøte/motsegn om/til planforslaget. Dei presiserer likevel at dersom ein ikkje gjer dei påpeikte endringane, så er denne fråsegna å betrakte som ei motsegn til planforslaget.

Administrasjonen sin kommentar:

Føresegn § 5 Føresegnsområde, #14-17 er justert slik: «Kulvertane skal vere opne og ha naturleg botn». I tillegg har § 2.6 om miljø fått følgjande tillegg: «Det skal ikkje etablerast nye vandringshinder for fisk. Kulvertane skal vere opne og ha naturleg botn.» Under § 2.6 er teksten endra frå: «Anleggsarbeid og utfylling i eller ved sjølve Røytetjørna/Kvernåtjørna skal gjennomførast med varsemd. Det skal ikkje utførast arbeid i og like ved vassdraget når plommeyngel går opp/i gyteperioden til laks og sjøaure» til «Anleggsarbeid og utfylling i eller ved sjølve Røytetjørna/Kvernåtjørna skal gjennomførast med varsemd. Arbeid nær vassdrag skal føregå utanom perioden det ligg egg og yngel i grus på gyteområda (oktober til midten av juni), i tråd med merknaden. Kommunedirektøren noterer seg merknadar om ROS-analysen og vassførekomstar, og legg til grunn at saman med supplering av føresegnene er det i planforslaget gjort gode nok vurderingar og innarbeidd tilstrekkeleg tiltak.

## Faglege vurderingar:

### Konsekvensutgreiing

Det ble i oppstartsmøte i 2013 vurdert at utviding og forbetring av vegen ikkje vil medføra vesentlege verknader som nemnt i forskrift om konsekvensutgreiingar vedlegg II nr. 13, utviding eller endring av tiltak i nemnt vedlegg I og II som kan få vesentlege verknader, og at det dermed ikkje var krav om konsekvensutgreiing.

### Tilhøvet til gjeldande kommuneplan, reguleringsplanar

I kommuneplanen for Fitjar (2011-2022) er området avsett til noverande hovudveg og LNRF, areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytta næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag. Det er ingen andre reguleringsplanar i området.

I samsvar med byggesaksforskrifta (SAK) §4-3 punkt a) er offentleg veganlegg som er detaljert avklart i ein reguleringsplan, unntake frå søknadsplikt etter plan- og bygningslova, og kan byggjast etter veglova og i tråd med reguleringsplan inkludert krav i føresegner. Det går fram av SAK §4-3 at «Begrepet omfatter alt som inngår som en naturlig del av et veianlegg, herunder også bruer, tunneler, støyskjermer, forstøtningsmurer, fergekaier, rasteplasser, omlegging av ledninger, elektriske installasjoner, ventilasjonsanlegg, avkjørsler (også private avkjørsler) og riving av bygninger og anlegg».

### Naturmangfaldet

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i lova §§ 8-12 leggast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde som gjeld naturmangfald. Plankonsulent skriv at kunnskapsgrunnlaget er relativt godt for planter, naturtypar og vassmiljø, og at registrering av naturtypar, vassmiljø, sedimenter og botnfauna er vektlagt i denne vurderinga. Det er gjort feltarbeid for prosjektet i 2016, og det blei ikkje registrert viktige naturtypar i dette området.

Fylkesvegen ligg stadvis svært tett på vassdraget Tinnselva, særskilt sør for Rydlandssaga. Nord for Rydlandssaga får fylkesvegen nye kryssingspunkt over sidebekken til Tinnselva og kjem noko nærmare myrområdet nord for parkeringsplassen o\_P. Også ved Kvernvatjørna kjem vegen noko tettare på vassdraget enn dagens veg.

I planomtalen kap.7.4.2 er det gjort greia for vassførekomstar som kan verta påverka av tiltaket. Det er m.a. omtalt at innløpsbekken til Røytetjørna har potensielle gyteområde i ei omlag 100 meter lang strekning, før det blir for bratt med uoverstigelege vandringshinder. Det er vurdert at det kan vera mogleg for anadrom fisk å vandra opp til Røytetjørna og vidare opp til ei om lag 100 meter strekning ovanfor tjørna med greie gytestadar. Tinnselva fører ikkje anadrom fisk langs den aktuelle strekninga, men kan ha innslag av gytande anadrom fisk lenger nede der bekken renn ut i Røytetjørna. Det er truleg at det er stasjonær aure i heile elvestrekninga.

Vassforskrifta § 4 seier at «tilstanden i overflatevann skal beskyttes mot forringelse, forbedres og gjenopprettes med sikte på at vannforekomsten skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand». Lakse- og innlandsfisklova § 7, om regulering av utbygging og anna verksemd, seier at omsyn til fiskeinteressar og det å ta vare på fisk og andre ferskvassorganismar sine økologiske funksjons-område skal innpassast i planar etter plan og bygningslova.

Då arbeid i anleggsfasen potensielt kan påverka naturmangfald og vassførekomstar er det lagt vekt på å sikra tilstrekkelege og skadeførebyggande tiltak i anleggsfasen, jf. ROS-analysen og føresegner § 2.6. I føresegner er det m.a. stilt krav om at: Anleggsarbeid og utfylling i eller ved sjølve Røytetjørna/Kvernvatjørna skal gjennomførast med varsemd. Det skal ikkje utførast arbeid i og like ved vassdraget når plommeyngel går opp/i gyteperioden til laks og sjøaure (oktober til midten av juni).

I ROS-analysen er det skildra: Dåfjorden er sårbar då den har dårlig vassutskifting/sirkulasjon, oppgang av anadrom fisk i Rydlandsvassdraget, det er ikkje funne elvemusling, finstoff og sprengstein kan gi fiskedød, samt söl og avrenning i driftsfase kan gjera skade. For at den økologiske tilstanden i vassdrag og myrområde ikkje skal bli forringa, er det innarbeidd tiltak i planen, jf. føresegner § 2.6: Miljøoppfølgingsplan

i prosjekteringsfasen og rekkefølgjekrav. Unngå anleggsarbeid/sprenging når plommeyngel går opp. Nytt siltgardin, beskytta mot finstoff.

Langs Tinnselva er areal nærmest elva regulert til LNFR med omsynssone naturmiljø for å sikra at det blir opprettholdt ein naturleg kantvegetasjon som tek vare på dei økologiske funksjonane kantvegetasjonen har. Når det gjeld myr er det i føresegen § 2.6 fastsett at det skal takast omsyn til myr i alle fasar, slik at ein unngår uønska inngrep i myrområde. Den økologiske tilstanden i vassdrag og myrområde skal ikkje bli forringa. Det er krav om overvaking av myrområde og plastring mot myr for å unngå negativ verknad på myrområde som grensar til vegen.

Det er stilt krav om ytre miljøplan før arbeidet blir sett i gong. Ytre Miljøplan (YM-plan) omtaler korleis prosjektet sine utfordringar i høve ytre miljø skal handterast og korleis ein skal ivareta miljøkrav i lover og forskrifter. Saman med krav stilt i føresegner skal dette sikra at anleggsarbeidet ikkje skal ha vesentleg negativ innverknad på naturmangfaldet. Det er viktig at ein i anleggsarbeidet følgjer føremålsgrenser og omsynssone for bevaring naturmiljø nøye. Det er vurdert at den samla belastninga blir uendra, jf. naturmangfaldslova §8-12.

#### Kulturminne

Då Vestland fylkeskommune gjennomførte arkeologisk undersøking i planområdet i 2015, jf. kulturminnelova § 9, blei det ikkje gjort funn i området.

Rydlandssaga er oppgitt i SEFRAK-registeret å vera frå 1700-talet, og såleis meldepliktig etter kulturminnelova § 25. I gjeldande kulturminneplan for Fitjar er Rydlandssaga klassifisert som eit kulturmiljø tilhøyrande kategori A, som femner om alle kulturmiljø og einskildobjekt med særleg høg verneverdi. Kulturmiljøet ved Rydlandssaga har i planforslaget fått ei omsynssone for bevaring av kulturmiljø med tilhøyrande føresegen (H570\_1-2), jf. §4. Bygninga er vist med «bygg, kulturminner, mm. som skal bevares». Eksisterande del av gamlevegen er ikkje kartfesta, men attmed Rydlandssaga er det bevart både ein bit av vegen og ei oppmura bru, ei såkalla «steinkvelvbru». Både bru og bevart del av gamlevegen vil bli bevart.



#### Landskap og terreng

Det er utført grunnundersøkingar/boring og gjort geotekniske/geologiske vurderingar for prosjektet. Utbetring av vegen medfører eit breiare tverrsnitt med større arealbehov enn eksisterande veg. Prosjekteringen har så langt det er mogleg forsøkt å tilpassa seg landskapet og eksisterande veg, men den nye veggeometrien vil gje nokre bratte bergskjeringar og fyllingar, som vil medføra ei endring i landskapsbildet i området. På Fitjarsida vil det særleg vera skjeringar med innverknad på landskapet ved profil 1260-1370, og 1540-1580, der skjeringane vil vera moderat høge (jf. vedlagt geologisk rapport). Fyllingar vil stort sett vera på vestsida av vegen der terrenget skrånar mot fjorden, slik at desse truleg ikkje vil skapa stor endring i eksisterande landskapsbilete.

Det er i § 2.4 stilt krav til at omsynet til landskapet skal vera i fokus i byggefase og sikrast gjennom byggeplan. Jordvollar eller fangrøfter skal bli brukt for å dempa landskapsinntrykket, og murar som blir opparbeidd i veganleggset skal utførast i naturstein. Andre murtypar kan nyttast dersom det ikkje er teknisk mogleg eller økonomisk forsvarleg å etablera natursteinsmur. Med omsyn til restarealet der dagens veg

ligg, blir dette løyst i samband med byggeplanane. Der det ligg til rette for det kan eksisterande vegtrase bli omgjort til enkle rastepllassar eller arronderast som grøntareal, jf. § 3.2: Dei delar av dagens veg som vert liggande att skal vurderast i høve mogleg ny bruk eller tilbakeføring i samband med byggeplanen.

#### Friluftsliv, folkehelse og universell utforming

Delar av planområdet inngår i eit svært viktig område for friluftsliv. Det er opplyst at vegen er lagt slik at me får så lite verknad for området som mogleg, og at her er det bratte skråningar ned mot Kvernåsjøen (Røyetjørna) og Dåfjorden. Det er vurdert som lite truleg at nemnte område er særleg brukt til friluftsliv i seg sjølv.

Eksisterande parkeringsplass ved friluftsområda blir regulert til offentleg føremål (o\_P), og delar av den gamle fylkesvegen skal gjerast om til gang- og sykkelveg mellom parkeringsplassen og mot Rydlandssaga. Stigninga er under 5 %. ROS-analysen peikar på at turgåurar vil bevega seg på begge sider av vegen for å bruka turstiane i området. I planforslaget er samband over fylkesvegen til turstinett oppretthalde, jf. føresegner for anna veggrunn AVG9 og LNFR11 på vestsida.

#### Landbruk og grønstruktur

LNF-areal innanfor plangrensa kan nyttast til mellombels anleggs- og riggområde, unntake LNFR areal med omsynssone H560 bevaring naturmiljø. Arealet skal tilbakeførast til LNFR ved anleggsslutt. Det går fram av planforslaget at utsprengte massar i størst mogleg grad skal brukast på staden. Det skal sikrast hensiktsmessig tilkomst til jord- og skogbruksareal som blir påverka av reguleringsplanen i anleggsfasen i samråd med grunneigar, jf. føresegn § 2.7.

#### Skule, barnehage, barn og unge

Strekninga er i dag ikkje definert som skuleveg.

#### Vatn og avlaup, og klimatilpassing

Det er planlagt å forlenga eksisterande stikkrenner og vidareføra bruk av opne grøfter. Stikkrennene må dimensjoneras for auke av nedbør, jf. § 2.8. Detaljprosjektering av stor skråning ved Røyetjørn skal vera i tiltaksklasse 3, og skal ta omsyn til klimaendring og 200-årsflaum, jf. §2.2.

#### Trafikk og trafikktryggleik, kommunen og samfunnet si interesser

Vegen har ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på 1500 (Statens Vegvesen, 2020). Trafikkprognose for strekninga basert på telt trafikk, samt fylkesvise trafikkprognosar, viser at ÅDT i 2039 vil vera 1900 og i 2044 er ÅDT 2000. Dagens veg er smal, med fleire krappe svingar og med skog og skjeringar heilt inntil vegskulder. I tillegg er det fleire avkøyrslar som ikkje er utforma etter dagens standard. Standard på vegen er i dag ikkje tilstrekkeleg for å oppretthalda trafikkflyten dersom fylkesvegen blir omkjøringsveg i tilfelle E39 blir stengd. Planforslaget legg til rette for retting og forbetring av eksisterande veg med ei meir jamn breidde, noko som vil gi ei vesentleg betring i framkomst og tryggleik på Fv. 545, samt etablering av gang- og sykkelveg på delar av strekninga.

#### Økonomi

Det vil vera behov for mindre grunnerverv for å ha plass til skjeringar, fyllingar mv., jf. § 3.2 om anna veggrunn-grønt areal. Areal regulert til anna veggrunn ut over dette er eksisterande vegtrase med tilhøyrande sideareal.

#### Risiko og sårbarheit (ROS-analyse)

Samanlikna med 0-alternativet (behalde dagens veg uendra) vurderer me det slik at reguleringsplanen forbetrar situasjonen med omsyn på trafikktryggleik og framkome. Dei hendingane som bidreg til mest risiko er knytt til anleggsfasen. Uønskte hendingar er knytt til forureining frå anleggskøyretøy, inngrep i myr, og påverknad på elveløp og må vurderast særskilt før anlegsperioden startar. Funn og tilrådingar og avbøtande tiltak i ROS-analysen er innarbeidd i planen.

#### **Kommunedirektøren sin konklusjon:**

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor tilrår kommunedirektøren at forslag til detaljregulering for del av Fv. 545, kommunegrense Stord-Fitjar, planID 201306, blir vedteken. Me gjer særskilt merksam på at kommunen vedtek den delen av planen som ligg i Fitjar kommune.

Plankart 1 og 2 som gjeld Stord kommune ligg vedlagt saka for å illustrera planområdet som heilskap.

**Framlegg til vedtak:**

Fitjar kommune vedtek reguleringsplanen Detaljregulering for del av Fv. 545, kommunegrense Stord - Fitjar, planID 4615\_201306.

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 12-12.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

**Saksprotokoll i Utval for plan og miljø - 20.06.2024**

**Behandling:**

Avd. leiar plan og utvikling, Øystein Sørli, orienterte om reguleringsplanen.

Tilråding til kommunestyret vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Fitjar kommune vedtek reguleringsplanen Detaljregulering for del av Fv. 545, kommunegrense Stord - Fitjar, planID 4615\_201306.

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 12-12.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

**Saksprotokoll i Kommunestyret - 20.06.2024**

**Behandling:**

Protokoll etter handsaming av saka i utval for plan og miljø vart sendt på iPad før møtet i dag.

Representanten Harald Rydland (KRF) ba kommunestyret vurdera om han er ugild i saka, då han er grunneigar på eigdom som grensar til reguleringsplanen. Han vart samrøystes erklært ugild. Det var ikkje kalla inn vara.

Tilråding frå utval for plan og miljø vart samrøystes vedteke (16 røyster).

**Vedtak:**

Fitjar kommune vedtek reguleringsplanen Detaljregulering for del av Fv. 545, kommunegrense Stord - Fitjar, planID 4615\_201306.

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 12-12.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

John Karsten Raunholm  
konstituert kommunedirektør